

2/2010

NOTAT

Inge Dyrhol

KOMMUNESTORLEIK OG KVALITET PÅ KOMMUNALE TENESTER



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

Prosjekt	Kommunestorleik og kvalitet på kommunale tenester
Forfattar	Inge Dyrhol
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Kvalitetsindikatorar

Det blir ofte hevda at kommunar bør slå seg saman for å sikre kvalitet i tenestene.

I KOSTRA er det utvikla kvalitetsindikatorar for kommunale tenester. Det kan alltid diskutert kor dekkande og gode desse er. Men dei blir offentleggjorde av ein autoritativ institusjon som Statistisk sentralbyrå, og det er nok lagt eit stort ned eit stort arbeid i å utvikle dei. Eg vil i dette arbeidet ta utgangspunkt i desse kvalitetsindikatorane. For 2008 ligg det ute indikatorar for:

- Barnehager
- Grunnskoleopplæring
- Kommnehelse
- Pleie og omsorg
- Sosialtjenesten
- Barnevern
- Avfall og renovasjon
- Avløp
- Vann
- Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø
- Kultur
- Kirke
- Samferdsel
- Bolig
- Brann- og ulykkesvern

Når ein skal vurdere om kvaliteten på kommunale tenester blir betre ved å slå saman kommunar, så er det rimeleg å sjå på samvariasjonen mellom kvalitetsindikatorane og folketallet i kommunane. Folketal er frå 01.01.08.

Barnehager

Lista over kvalitetsindikatorar for Barnehager er slik:

- Andel barn 1–5 år med barnehageplass
- Andel barn 1–2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1–2 år
- Andel barn 3–5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3–5 år
- Andel barnehager med åpningstid fra 0 inntil 6 timer pr. dag
- Andel barnehager med åpningstid fra 6 inntil 9 timer pr. dag
- Andel barnehager med åpningstid fra 9 inntil 10 timer pr. dag


- Andel barnehager med åpningstid 10 timer eller mer pr. dag
- Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent førskolelærerutdanning
- Andel assistenter med førskolelærerutd, fagutd, eller annen pedagogisk utdanning
- Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m²)

Det er svært liten samvariasjon (korrelasjon målt ved Pearson's r) mellom disse indikatorane og "Folketal 01.01.08". Og berre éin korrelasjonskoeffisient er signifikant på minst nivå 0,1. Det er "Andel assistenter med førskolelærerutd, fagutd. eller annen pedagogisk utdanning", der korrelasjonskoeffisienten er -0,116 med signifikansnivå 0,05. Dette støttar ikkje ein hypotese om at kommunar med lågt folketal har problem med kvaliteten i Barnehager.

Grunnskoleopplæring

Lista over kvalitetsindikatorar for Grunnskoleopplæring er slik:


- Gjennomsnittlige grunnskolepoeng
- Overgang til videregående skole
- Andel av 6-åringar som fortsetter i SFO andre året
- Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.til 7. årstrinn
- Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10. årstrinn
- Antall elever per datamaskin
- Andel ansatte i SFO med lærerutd, førskoleutd eller fagutd i barne- og ungdomsarbeid



Figur 1: Gjennomsnittlige grunnskulepoeng og folketal pr. 01.01.08 for kommunar med under 30000 innb.

Korrelasjonskoeffisienten mellom "Folketal pr. 01.01.08" og "Gjennomsnittlig grunnskolepoeng" er 0,011 med signifikans 0,826. Det er sjeldan ein ser i den grad manglande samvariasjon. Figur 1 illustrerer dette for kommunar med under 30000 innb. Tek ein med alle

kommunar vil ein på grunn av målestokken få ei brei svart line langs vertikal akse og nokre få punkt for dei store kommunane utover langs horisontal akse. Figur 2 viser desse få punkta. Lina illustrerer 40 grunnskulepoeng. Gjennomsnittleg grunnskulepoeng for alle kommunar i landet er 39,6, så å ta med dei store kommunane rokkar ikkje ved konklusjonen. Figur 1 viser elles at vesle Utsira stiller i særklasse!



Figur 2: Gjennomsnittlege grunnskulepoeng og folketal pr. 01.01.08 for store kommunar

Korrelasjonskoeffisienten mellom ”Folketal pr. 01.01.08” og ”Overgang til vidaregåande skole” er $-0,90$ på signifikansnivå $0,10$. For ”Andel av 6-åringar som fortsetter i SFO andre året” er samvariasjonen liten og fullstendig utan signifikans. Korrelasjonskoeffisientane for dei to kvalitetsindikatorane for gruppestorleik er signifikante på nivå $0,01$. I rekkefølge er dei $0,290$ og $0,253$. Gruppene aukar i storleik med folketalet. Det er ein viss samvariasjon slik at ”Antall elever per datamaskin” aukar med ”Folketal pr. 01.01.08”. Koeffisienten er $0,092$ på signifikansnivå $0,1$. For indikatoren ”Andel ansatte i SFO med lærerutd., førskoleutd. eller fagutd. i barne- og ungdomsarbeid” er korrelasjonskoeffisienten med ”Folketal pr. 01.01.08” på $-0,100$ på signifikansnivå $0,05$.

For Grunnskuleopplæring er den fullstendig manglande samvariasjonen mellom folketal og grunnskulepoeng eit viktig funn. Det er ikkje overraskande at gruppestorleiken aukar med folketalet. Aukande gruppestorleik vert vel ikkje rekna som noko teikn på høgare kvalitet?¹ På same måte som for barnehagar er det ein tendens til at tilsette i SFO har betre utdanning i kommunar med lågt folketal. Ein hypotese om dette kan vere manglande alternative arbeidsplassar.

¹ Mellom ”Gjennomsnittlig grunnskulepoeng” og ”Gjennomsnittlig gruppestørrelse 1. til 7. årstrinn” er det ikkje signifikant samvariasjon. Mellom ”Gjennomsnittlig grunnskulepoeng” og ”Gjennomsnittlig gruppestørrelse 8. til 10. årstrinn” er korrelasjonskoeffisienten $-0,151$ på nivå $0,01$.

Analysen støttar ikkje ein hypotese om at kommunar med lågt folketal har problem med kvaliteten i Grunnskoleopplæring.

Statistikken tek ikkje føre seg lærarane sitt utdanningsnivå, kanskje fordi "Gjennomsnittlige grunnskolepoeng" er ein ekte resultatindikator. Ein kan meine det er resultat som tel, og at kvaliteten på innsatsfaktorar som t.d. arbeidskraft då er mindre interessant.

Eg har gjort ein multippel regresjonsanalyse med "Gjennomsnittlige grunnskolepoeng" som avhengig variabel og dei andre kvalitetsindikatorane som uavhengige variablar. M.a. Johannesen, Kristoffersen og Tuft (2004:317) brukar ein korrelasjonskoeffisient på 0,7 som grense for kolinearitetsproblem. Koeffisienten mellom dei to kvalitetsindikatorane for gruppestørleik ligg heilt opp under grensa, elles er det ingen problem. Justert R^2 blir berre 0,092 med signifikans på 0,001. Grunnskolepoeng er på ein måte opptaksgrunnlag for vidaregåande skule, men ein kjem vel inn på eitt eller anna tilbod om ein ønskjer? Korrelasjonskoeffisienten mellom "Gjennomsnittlige grunnskolepoeng" og "Overgang til vidaregåande skole" er (difor) ikkje høgare enn 0,226, men signifikansnivået er 0,01. Trekkjer ein ut "Overgang til vidaregåande skole" blir Justert R^2 berre 0,034 på signifikansnivå 0,05. Det er "Gjennomsnittlig gruppestørrelse 8. til 10. årstrinn" og "Antall elever per datamaskin" som er signifikante blant dei resterande uavhengige variablane, begge på signifikansnivå 0,05. For begge variablane er regresjonskoeffisientane som venta negativ.

Kommunehelse

Lista over kvalitetsindikatorar for Kommunehelse er slik:

- Åpningstid ved helsestasjon for ungdom. Sum timer pr. uke
- Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst
- Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem
- Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem

Data for dei to første kvalitetsindikatorane treng i det minste tolking.

"Åpningstid ved helsestasjon for ungdom. Sum timer pr. uke" er for Oslo 1260 timar i veka. Det kan vere at ein har lagt saman opningstider for mange helsestasjonar. Ingen andre kommunar har målt meir enn 38 timar. Så det kan vere at materialet elles er greitt. Utanom Oslo vert korrelasjonskoeffisienten mellom "Folketal pr. 01.01.08" og "Åpningstid ved helsestasjon for ungdom. Sum timer pr. uke" 0,438 på signifikansnivå 0,001.

"Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst" er for ein del kommunar noko over 100 %. Éi tolking er at ein del nyfødde i desse kommunane har fått meir enn eitt besøk. Det gjev i så fall meining. Korrelasjonskoeffisienten er på -0,094 med signifikansnivå ikkje langt unna 0,05.

Dei to siste kvalitetsindikatorane for Kommunehelse er fullstendig utan samvariasjon med ”Folketal pr. 01.01.08”.

I større kommunar har gjerne helsestasjonstilbodet for ungdom ope lenger. Kva dette har å seie for kva tid som blir nytta til kvar einskild, er ikkje godt å seie. Data tyder på at ein i mindre kommunar er litt flittigare til å vitje heimar med nyfødde dei to første vekene.

For arbeidet i kommunehelsetenesta ligg det ikkje føre liknande resultatindikatorar som grunnskulepoeng for grunnskuleopplæring. Dessutan vert t.d. ein legetime rekna for å ha same kvalitet same kva utdanning og røynsle legen har. Ein del av debatten om kvalitet i kommunehelsetenesta i store og små kommunar kjem då ikkje på bordet gjennom kvalitetsindikatorane i KOSTRA. Tilsvarande kommentar kan gjelde for andre sektorar òg.

Pleie og omsorg

Lista over kvalitetsindikatorar for Pleie og omsorg er slik:

- Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem
- Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem
- Andel beboere på tidsbegrenset opphold
- Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner
- Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc
- System for brukerundersøkelser i institusjon
- System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten
- Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/ fagutdanning
- Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/ fagutdanning fra videregående skole
- Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/ fagutdanning fra høyskole/universitet
- Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerretnede teneste

Med eit par unntak er det liten og ingen signifikant samvariasjon mellom ”Folketal pr. 01.01.08” og kvalitetsindikatorane for Pleie og omsorg. Dette gjeld òg for ”Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/fagutdanning”. Men når ein spaltar denne indikatoren i dei to neste, får ein signifikante samvariasjonar på høvesvis -0,195 og 0,135, begge på signifikansnivå 0,01. Dei fagutdanna i dei større kommunane har såleis gjennomgåande noko høgre utdanning enn i dei mindre kommunane.

Men samla vurdert er det lite argumentasjon å hente til debatten om kommunestorleik i kvalitetsindikatorane for Pleie og omsorg.

Sosialtjenesten

Lista over kvalitetsindikatorar for Sosialtjenesten er slik:

- Andel sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer
- Gjennomsnittlig stønadslengde
- Har kommunen i løpet av det siste året gjennomført en egen brukerundersøkelse for sosialtjenesten
- Andel av de statlig veiledende utgiftene som inngår i den kommunale stønadsnormen for enslige mottakere uten barn
- Andel sosialhjelpsmottakere som har fått oppnevnt koordinator for individuell plan
- Andel av sosialhjelpsmottakere som har fått utarbeidet individuell plan

Kor vidt høge tal for dei to første kvalitetsindikatorane viser høg kvalitet, kan vel vere eit ope spørsmål. Men korrelasjonskoeffisientane mellom "Folketal pr. 01.01.08" og "Andel sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer" og "Gjennomsnittlig stønadslengde" er 0,231 og 0,236 på signifikansnivå 0,01. Indikatorane viser såleis høgare tal i folkerikare kommunar.

For kvalitetsindikatoren "Har kommunen i løpet av det siste året gjennomført en egen brukerundersøkelse for sosialtjenesten" er korrelasjonskoeffisienten 0,275 på signifikansnivå 0,01. Større kommunar har såleis i større grad gjennomført slik gransking.

Kvalitetsindikatoren "Andel av de statlig veiledende utgiftene som inngår i den kommunale stønadsnormen for enslige mottakere uten barn" viser ingen samvariasjon med "Folketal pr. 01.01.08".

For dei to siste indikatorane er datagrunnlaget mangelfullt. Desse kvalitetsindikatorane for sosialtenesta er gjerne ikkje dei mest interessante når ein vurderer kommunestorleik, og analysen ovanfor rokkar ikkje ved det. Indikatorar om personalet sin kompetanse er av ein eller annan grunn ikkje med.

Barnevern

Lista over kvalitetsindikatorar for Barnevern er slik:

- Innført internkontroll i barnevernstjenesten
- Benyttet brukerundersøkelse siste år
- System for brukerundersøkelser i barnevernstjenesten
- Andel undersøkelser m. behandlingstid over tre måneder, prosent
- Stillinger med fagutdanning pr. 1000 barn 0–17 år

Korrelasjonskoeffisienten mellom ”Innført internkontroll i barnevernstjenesten” og ”Folketal pr. 01.01.08” er 0,081 på signifikansnivå 0,1. For ”Benyttet brukerundersøkelse siste år” og ”System for brukerundersøkelser i barnevernstjenesten” er koeffisientane 0,257 og 0,206 på signifikansnivå 0,01. For desse indikatorane kjem kommunar med høgare folketal gjennomgåande noko betre ut enn kommunar med lågare folketal.

Dei to siste kvalitetsindikatorane viser ingen samvariasjon med ”Folketal pr. 01.01.08”. At ”Stillinger med fagutdanning pr. 1000 barn 0–17 år” ikkje gjer det, er kanskje uventa utifrå den offentlege debatten? Om fagfolka eventuelt er betre i mindre eller større kommunar, seier ikkje statistikken noko om. Heller ikkje ein argumentasjon om at fagmiljødanning m.m. gjer at ”to fagutdanna alt anna likt kan gjere meir enn dobbelt så stor nytte som ein” kan vurderast utifrå indikatorane. Tilsvarande innvending kan gjelde for andre sektorar òg.

Dei tre første kvalitetsindikatorane for barnevern er gjerne ikkje dei mest interessante når ein vurderer kommunestorleik, og analysen ovanfor rokkar ikkje med det. Dei to siste ville eg på førehand kalle interessante, men analysen støttar ikkje opp om ein ev. hypotese om at små kommunar i mindre grad enn større kommunar klarer å skaffe seg kvalifisert arbeidskraft.

Avfall og renovasjon

Lista over kvalitetsindikatorar for Avfall og renovasjon er slik:

- Abonnentens mulighet til å påvirke gebyret
- Andel husholdningsavfall utsortert
- Dager pr år med utvidet åpningstid for mottak av avfall
- Andel husholdninger med individuelt tilpasset renovasjon
- Antall hentinger av matavfall i løpet av et år

Avfall og renovasjon er ein sektor med omfattande interkommunalt samarbeid. Når ein ikkje tek omsyn til det, vert resultatet av analysen ikkje så nyttig. Det er også ein del datafeil med andelar over 100 % og ”Antall hentinger av matavfall i løpet av et år” talt på ulik måte.

”Andel husholdningsavfall utsortert” har ingen samvariasjon med ”Folketal pr. 01.01.08”.

Oppsummert kan seiast at analysen for Avfall og renovasjon ikkje talar mot større kommunar.

Avløp

Lista over kvalitetsindikatorar for Avløp er slik:

- Antall kloakkstopper i avløpsledninger, overløp og kummer per kilometer ledning
- Beregnet gjennomsnittsalder for spillvannsnett med kjent alder

Datagrunnlaget for den første indikatoren er mangelfullt.

Korrelasjonskoeffisienten mellom "Folketal pr 01.01.08" og "Beregnet gjennomsnittsalder for spillvannsnett med kjent alder" er 0,172 på signifikansnivå 0,01.

Oppsummert kan seiast at analysen for Avløp ikkje gjev nemnande grunnlag for nokon diskusjon om kommunestorleik.

Vann

Lista over kvalitetsindikatorar for Vann er slik:

- Forsyningssikkerhet, vann
- E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøver
- Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøver
- PH: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøver
- Beregnet gjennomsnittsalder for vannledningsnett med kjent alder

"Forsyningssikkerhet, vann", "E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøver" og "PH: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøver" har ingen samvariasjon med "Folketal pr. 01.01.08".

Korrelasjonskoeffisienten mellom "Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøver" og "Folketal pr. 01.01.08" er -0,122 på signifikansnivå 0,05. Vurdert etter farge leverer mindre kommunar gjennomgåande vatn av noko dårlegare kvalitet enn større kommunar.

Korrelasjonskoeffisienten mellom "Beregnet gjennomsnittsalder for vannledningsnett med kjent alder" og "Folketal pr. 01.01.08" er 0,283 på signifikansnivå 0,01. Det er mogleg at større kommunar har betre registreringar av alder på leidningsnett. Ein bør difor vere varsam i tolkinga.

Oppsummert kan seiast at analysen for Vann ikkje gjev nemnande grunnlag for nokon diskusjon om kommunestorleik.

Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø

Lista over kvalitetsindikatorar for Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø er slik:

- Andel dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvann innvilget
- Alder for kommuneplanens arealdel
- Alder for kommuneplanens samfunnsdel
- Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdager)
- Gjeldende plan eller retningslinjer med spesiell fokus på universell utforming
- Innsyn i kartverk via kommunens Internettssider
- Tekn. og øk. kartlegging. Andel ferdig av forutsatt kartlagt, std. FKB-A,-B og -C
- Leke- og rekreasjonsareal i tettsteder. 1000 innb. i tettsteder

For "Andel dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvann innvilget" er data mangelfulle.

Eg forstår ikkje kvifor nokre kommunar har meir enn 100 på "Tekn. og øk. kartlegging. Andel ferdig av forutsatt kartlagt, std. FKB-A,-B og -C", men slik indikatoren er registrert, har han ingen samvariasjon med "Folketal pr 01.01.08". Det har heller ikkje "Andel dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvann innvilget", "Alder for kommuneplanens samfunnsdel" og "Leke- og rekreasjonsareal i tettsteder. 1000 innb. i tettsteder".

Korrelasjonskoeffisienten mellom "Alder for kommuneplanens arealdel" og "Folketal pr. 01.01.08" er -0,161 på signifikansnivå 0,01. Det er såleis ein tendens til at mindre kommunar har eldre arealplanar enn større kommunar.

Korrelasjonskoeffisienten for "Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdager)" er 0,240 på signifikansnivå 0,01. Mindre kommunar kjem gjennomgåande noko betre ut enn større kommunar.

Korrelasjonskoeffisienten for "Innsyn i kartverk via kommunens Internettssider" er 0,156 på signifikansnivå 0,01 og for "Gjeldende plan eller retningslinjer med spesiell fokus på universell utforming" 0,124 på signifikansnivå 0,05. Større kommunar kjem her gjennomgåande betre noko ut enn mindre kommunar.

Oppsummert kan seiast at analysen for Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø ikkje gjev nemnande grunnlag for nokon diskusjon om kommunestorleik.

Kultur

Lista over kvalitetsindikatorar for Kultur er slik:

- Besøk i folkebibliotek pr. innbygger
- Utlån alle medier fra folkebibliotek pr. innbygger
- Tilvekst alle medier i folkebibliotek pr. 1000 innbygger
- Netto driftsutgifter for kultursektoren pr. innbygger i kroner

Det er berre ”Tilvekst alle medier i folkebibliotek pr. 1000 innbygger” som har signifikant samvariasjon med ”Folketal pr. 01.01.08”. Korrelasjonskoeffisienten er -0,182 på signifikansnivå 0,01. Dei mindre folkerike kommunane kjem såleis noko betre ut enn dei meir folkerike.

Oppsummert kan seiast at analysen for Kultur ikkje gjev nemnande grunnlag for nokon diskusjon om kommunestorleik.

Kor vidt større folketal på ein eller annan måte legg betre grunnlag for kulturlivet, er ikkje belyst. I denne samanhengen må ein hugse på at samanslåing av kommunar i seg sjølv ikkje endrar busetnadsmønsteret, iallfall ikkje på kort sikt.

Kirke

Lista over kvalitetsindikatorar for Kirke er slik:

- Medlem av Dnk i prosent av antall innbyggere
- Døpte i prosent av antall fødte
- Konfirmerte i prosent av 15-åringer
- Deltakelse, gudstjenester søn- og helligdag pr. innbygger
- Gudstjenester pr. 1000 innbygger
- Konserter og kulturarrangementer pr. 1000 innbygger
- Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner

Ein kan meiner at Kirke ikkje er relevant når ein skal vurdere samanslåing av kommunar. Eg ønskjer likevel å nytte alle kvalitetsindikatorane som er i KOSTRA for 2008.

Ikkje uventa viser alle kvalitetsindikatorane negativ samvariasjon med ”Folketal pr 01.01.08”, dvs. at mindre folkerike kommunar kjem betre ut enn meir folkerike kommunar. Signifikansen er på nivå 0,01, med unntak av for ”Konserter og kulturarrangementer pr. 1000 innbygger” som ikkje er signifikant. Denne statistikken tek t.d. ikkje føre seg sjølv kvaliteten på slike arrangement, kva ein no skal meine med det. Er t.d. større profesjonalitet eit viktigare kriterium enn aktiv deltaking?

Kvalitetsindikatorane for Kirke gjev i alle høve ingen argument for større kommunar.

Samferdsel

Lista over kvalitetsindikatorar for Samferdsel er slik:

- Andel kommunale veier og gater med fast dekke. Prosent
- Andel fylkesvei med fast dekke. Prosent

For ”Andel kommunale veier og gater med fast dekke” er det ein del kommunar som av ein eller annan grunn er registrert med over 100 %. Korrelasjonskoeffisienten med ”Folketal pr. 01.01.08” er 0,210 med signifikansnivå på 0,01. Så her kjem meir folkerike kommunar noko betre ut enn mindre folkerike kommunar.

Det kan diskuterast om ”Andel fylkesvei med fast dekke” er ein relevant indikator for kommunal verksemd, men det kan vere ein viktig indikator for lokalsamfunnet sin kvalitet. Det er visstnok heller ikkje uvanleg med spleiselag mellom kommunar og fylkeskommunar for legging av fast dekke på fylkesvegar. Men denne kvalitetsindikatoren har ingen samvariasjon med Folketal pr 01.01.08.

Kvalitetsindikatorane for Samferdsel talar ikkje mot større kommunar.

Bolig

Lista over kvalitetsindikatorar for Bolig er slik:

- Kommunalt disponerte boliger pr. 1000 innbyggere
- Andel midlertidige opphold med varighet 0–3 mnd. Prosent av alle midlertidige opphold
- Gjennomsnittlig antall opphold for husstander som har benyttet et midlertidig botilbud eller natthjem i løpet av året
- Andel kommunalt disponerte boliger som er tilrettelagt for rullestolbrukere

Korrelasjonskoeffisienten mellom ”Kommunalt disponerte boliger pr. 1000 innbyggere” og ”Folketal pr. 01.01.08” er -0,102 med signifikansnivå 0,05. Mindre folkerike kommunar har såleis gjennomgåande eit noko betre tilbud enn meir folkerike kommunar.

Eg vurderer data som utilstrekkelege for ”Andel midlertidige opphold med varighet 0–3 mnd. Prosent av alle midlertidige opphold” og ”Gjennomsnittlig antall opphold for husstander som har benyttet et midlertidig botilbud eller natthjem i løpet av året”. Dersom ein har kapasitet til å fylle behovet, ønskjer ein vel låge verdiar på målingane for desse kvalitetsindikatorane?

Korrelasjonskoeffisienten mellom ”Andel kommunalt disponerte boliger som er tilrettelagt for rullestolbrukere” og ”Folketal pr. 01.01.08” er -0,160 med signifikansnivå 0,01. Mindre folkerike kommunar har såleis gjennomgåande eit noko betre tilbod enn meir folkerike kommunar.

Kvalitetsindikatorane for Bolig talar ikkje for større kommunar.

Brann- og ulykkesvern

Lista over kvalitetsindikatorar for Brann- og ulykkesvern er slik:

- Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere
- Andel A-objekter som har fått tilsyn
- Andel piper feiet
- Andel personer med kompetanse som fører tilsyn med særskilte brannobjekter

Men for 2008 er det ikkje registrert data for desse kvalitetsindikatorane.

Sluttmerknad

Tilhøvet mellom storleik og yting for offentlege organisasjonar er eit felt der forskning viser svært ulike resultat. Rainey og Bozeman (2000:446) skriv om dette:

Kimberly's² review of more than seventy studies demonstrated that virtually every finding about relationship of size to performance that *could* be obtained *has* been obtained. ... Economists have had no more success than have sociologists and political scientists in developing convergent findings with respect to such straightforward questions as effects of organizational size.

Den vesle og enkle analysen ovanfor gir oppsummert ikkje noko grunnlag for å seie at kvaliteten var best i store eller små kommunar i Norge i 2008.

² Kimberly, J. R. 1976: Organizational Size and the Structuralist Perspective: A Review, Critique, and Proposal, *Administrative Science Quarterly*, 21, s. 577–97.

Referansar

Johannesen, Asbjørn, Line Kristoffersen og Per Arne Tufte 2004: *Forskningsmetode for økonomisk-administrative fag*, Abstrakt forlag.

Rainey, Hal G. og Barry Bozeman 2000: Comparing Public and Private Organizations: Empirical Research and the Power of the A Priori, *Journal of Public Administration Research and Theory*, 10, 2.